

## Tabell 2-fk

### Innbyggjartilskot til fylkeskommunane 2024 (kap. 572, post 60)

Innbyggjartilskotet blir i utgangspunktet fordelt mellom fylkeskommunane med eit likt beløp per innbyggjar (etter at saker med ei særskild fordeling er trekte ut, jf. kolonne 10 i tabell C-fk). Deretter blir rammetilskotet fordelt om mellom fylkeskommunane gjennom utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular og overgangsordninga.

Skatteutjamninga for 2024 inngår òg i post 60, men er ikkje med i Grønt hefte fordi ho blir berekna etter kvart som skatteinngangen ligg føre. Samla sum på post 60 for den einskilde fylkeskommune vil difor ikkje vere klar før i februar 2025. Utgiftsutjamninga og skatteutjamninga er reine omfordelingar mellom fylkeskommunane.

Det blir kvart år gjort korrigeringar i rammetilskotet på grunn av endringar i oppgåvefordelinga mellom forvaltingsnivå, nye oppgåver, regelendringar, innlemming av øymerkte tilskot o.a. Korrigeringar for 2024 er viste i innleiinga og er omtala nærare i Prop. 1 S (2023–2024) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Innbyggjartilskotet, inkludert utgiftsutjamninga, blir berekna ut ifrå innbyggjartalet per 1. juli 2023. Skatteutjamninga blir berekna ut ifrå innbyggjartalet per 1. januar 2024.

### Kolonne 1 – Innbyggjartilskot før omfordeling

Kolonne 1 viser løyving på kap. 572, post 60 før omfordeling, etter at saker med ei særskild fordeling (tabell C-fk) er trekte frå. Løyvinga på kap. 572, post 60 er i alt 47,616 mrd. kroner. Av dette blir om lag 4,5 mrd. kroner gjeve med ei særskild fordeling. Innbyggjartilskotet er i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp per innbyggjar per 1. juli 2023 til alle fylkeskommunane. For 2024 er innbyggjartilskotet før omfordeling 7 820 kroner per innbyggjar (ekskl. saker med særskild fordeling i tabell C).

### Kolonne 2 – Utgiftsutjamning

Kolonne 2 viser omfordelinga i utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular. Utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga er dokumenterte nærare i tabell A-fk.

### Kolonne 3 – Saker med særskild fordeling

Kolonne 3 viser summen av dei 9 sakene med ei særskild fordeling i 2024. Fordelinga som kjem fram i kolonnen er nærare dokumentert i tabell C-fk.

### Kolonne 4 – Overgangsordning

Kolonne 4 viser overgangsordninga. Dei samla fordelingsverknadane ved nytt inntektssystem i 2024, medrekna effekten av den nye kompensasjonsordninga (tabell C-fk, kolonne 9), vert gradvis fasa inn gjennom ei overgangsordning på fire år. Fylkeskommunar som får redusert rammetilskot som følge av endringane får att 3/4 av reduksjonen gjennom overgangsordninga

i 2024. Fylkeskommunar som får auka rammetilskot som følgje av endringane får redusert auken med 3/4 i 2024. Sjå tabell B-fk for nærare dokumentasjon av overgangsordninga.

**Kolonne 5 – Innbyggjartilskot med utgiftsutjamning m.m.**

Kolonne 5 viser samla løyving på kap. 572, post 60 i 2024, i alt 47,616 mrd. kroner. Kolonnen viser innbyggjartilskotet, medrekna utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for statlege og private skular, sakene med særskild fordeling og overgangsordninga. Kolonnen er summen av kolonnane 1 til 4. Kolonnen er òg vist i tabell 1-fk, kolonne 1.